



Norconsult

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/2130 - 16/15127

Saksbehandlar:

Rolf Raknes

rolf.raknes@radoy.kommune.no

Dato:

25.11.2016

## Svar på spørsmål om framtidig vegtrafikk på Fv565 ved Storsandvik

Viser til spørsmål om framtidig vegtrafikk på Fv565 ved Storsandvik Gnr/Bnr 85/40 i Radøy kommune.

Vil gjera merksam på at vårt fagmiljø ikkje har turvande kompetanse til å gjera framskrivingar når det gjeld trafikk og støy langs nemnde fylkesveg. Me kan peike på nokre viktige planlagte område for utbygging, men i kva grad desse er teke omsyn til i «det ein kan rekne med», er ikkje kjend.

Det pågår eit planarbeid for Austmarka sør. (PlanID: 12602011000200) , her er det planar om opp til 234 bustadeiningar. Planen har møtt motsegn og planlegginga vert sannsynlegvis omarbeidd. Statens vegvesen har antyda at dei vil starte planlegging av Fv565 frå Lindås kommunegrense og nordover til Austmarka. Utbyggingsplanane vil avvente den planlegginga.

For utan Storsandvik, er det lagt ut eit større næringsområde «Olsvollstranda næringsområde» litt lengre nord. (PlanID: 12602014000600) . Området er under utbygging og kan mogeleg gje noko meir tyngre trafikk.



### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

### Kontakt


Tel 47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

[www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634

Kommunen satsar elles på fortetting i kommunesenteret på Manger og i lokalsenter på Bø. Dette vil gje ei gradvis utvikling av auke i pendling, men ein vonar å kunne stimulere til fleire lokale arbeidsplassar.

Til dømes kan ein nemne at det nyleg vart vedteke plan for Kjebogen næringsområde – Manger. (PlanID: 12602015000200) , her kan det verte ei framtidig næringsutvikling som kan gje auke i tyngre trafikk på Fv565, men også sjøvegen vil brukast.

For lokalsenteret på Bø held kommunen no på med ein kommunedelplan. (PlanID 12602016000100). Her vil det vera mest fokus på fortetting. N = Næringsområda. Nye vegar etappevis i Nhpakken (2018)



Alle planar i kommunen og dei nemnde planane kan finnast i kommunen sitt planarkiv BraPlan på nett. <http://braplan.geoweb.no/braplan/>

Vonar dette var til hjelp!

Med helsing

Rolf Raknes  
arealplanleggjar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Norconsult